

**Søker fritak for buplikta**

11.12.2008

**Janet Alice Sjo, som bur og har arbeidet sitt på Halsnøy, har no søkt om fritak frå buplikta på garden Nedre Feet i Uskedalen, som blir pakta av Hans Reidar Kjærland.**

Ho har odelsrett til eigedomen, som har 40 dekar fulldyrka jord, 15 dekar beite og 500 dekar skog.

Til bruket høyrer eit 100 år gammalt bolighus, eit 200 år gammalt kårhus, ei løe, eit eldhus og eit naust. Ingen av våningshusa er vinterisolerte.

Eigaren opplyser i søknaden at eigedomen ikkje har vore i drift sidan 1965, men at ho tek vare på garden og er der så ofte ho kan. Med god hjelp av familien er det ein gard som ikkje står til forfall, men som er ein samlingsplass for familien, understrekar ho.

Det er mange gamle bygningar på garden som treng vedlikehald, men ein kan ikkje bruka dei som heilårsbustad eller nyttiggjera dei på anna vis enn å ta vare på dei.

Dei langsiktige planane hennar er å halda garden i god stand slik at ein av etterkommarane kan overta han ein gong i framtida.

Av Ola Matti Mathisen